ALVER
KOMMUNE

Spregningsservice Vidar Dyrøy Andreassen
Vardevegen 80
5953 FONNES

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:NTGEIJ-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 17.01.2023 |
| Vår: 23/103 - 23/4243 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på rørleggermelding - gbnr 85/3 Kvalvåg

**Tiltak:** Søknad om tilknyting kommunalt vatn, privat avløpsanlegg
**Byggjestad:** Onesvegen 11 – Gbnr 85/3
**Tiltakshavar:** Ingvild Kvalvåg
**Ansvarleg søkjar:** Vidar Dyrøy Andreassen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Innsendt røyrleggarmelding gjeld berre utvendig arbeid. Vi gjer merksam på at ein også skal søkje om innvendig arbeid. Normalt vert det sendt inn ei søknad som omfattar innvendig og utvendig arbeid. Da godkjenning av utvendig arbeid ikkje gjev løyve til å knytte bustad på offentleg vatn, ber vi om at autorisert røyrleggar sender inn søknad på det innvendige arbeidet. Da ein må ha godkjent både innvendig og utvendig arbeid for å knytte bustad på kommunalt vatn, vert innsendt røyrleggarmelding lagt på vent inntil vi har registrert at det er sendt inn søknad på innvendig arbeid.

2. Før vi kan handsame ei søknad om tilknyting til kommunalt vatn, skal det ligge føre godkjent utsleppsløyve. Vi har registrert at det, for nytt våningshus, er sendt inn søknad om løyve til utslepp 03.01.2023. Søknad er lagt til handsaming hos Miljø og tilsyn. Vi ber om tilbake-melding om utsleppsløyve når dette ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.02.2023.
Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Spregningsservice Vidar Dyrøy Andreassen | Vardevegen 80 | 5953 | FONNES |